



SAKSHANDSAMAR
Atle Omland

VÅR REF.
20/12992-9

VÅR DATO
04.03.2021

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF.
2020/78729-1

DYKKAR DATO
15. januar 2021

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Att: Stein Hallvard Trohaug

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområdet Statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79 - Vedtak om tilskot, tilsegn og utbetaling

Me synar til brev frå Vestland fylkeskommune datert 15. januar 2021 om tilskot frå statsbudsjettet 2021, Klima- og miljødepartementet kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven.

Me synar og til vårt brev datert 3. mars 2021. Ved en feil var kontonummer felt ut, og vi sender difor eit nytt brev med kontonummer. Vi har og nytta høve til å gjere ei presisering i avsnittet «Utbetaling».

Vedtak og tilskot for 2021 og tilsegn for 2022

På bakgrunn av vurdering av søknaden, rapporten og tildelingskriteria for posten har Riksantikvaren fatta følgjande vedtak:

*Riksantikvaren gir med dette **tilskot** på kr 3 000 000 frå post 79 tilskot til verdsarven.*

*Riksantikvaren gir med dette **tilsegn** for 2022 på kr 500 000 frå post 79 tilskot til verdsarven.*

Tilskot og tilsegn skal brukast til:

- Kulturminneforvaltar/parkforvaltar, inntil kr 500 000.
- Tilskotsbeløpet til eldhuset på Bakka må sjåast i samanheng med tilskot frå post 73.
- Dei andre tiltaka det er søkt om.

Det gis ikkje tilskot til:

- Løe på bruk 1 Nedbergo.

Grunngjeving for vedtaket

Bevaringsprogrammet for verdsarv og midla på post 79 skal medverka til å utvikla verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innan natur- og kulturmiljøforvaltninga når det gjeld tilstand, forvaltning og formelt vern. Vidare skal områda på Unescos verdsarvliste forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinjene for oppfølging av konvensjonen. Midla skal nyttast til tiltak retta mot verdsarven i Noreg.

Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.

For 2021 er det komme søknader om tilskotsmiddel til verdsarven på kr 104 531 898. Til fordeling på post 79 er det avsett i statsbudsjettet kr 64 690 000. Trekt frå forhandstilsegn for 2021 gir dette kr 46 781 682 til fordeling i 2021. Dei tildelte tilskotsmidlane Nærøyfjordområdet må sjåast i samanheng med dette.

I fordelinga av midlar til verdsarvstadene har Riksantikvaren vurdert søknadane etter kriteria for tilskot frå post 79 samt rapporteringa for 2020. I søknaden legg fylkeskommunen vekt på å knytte istandsettingstiltaka til føreliggande planar. Det er eit godt og viktig grep.

Riksantikvaren vektlegg ferdigstilling av allereie pågående større prosjekt før nye større prosjekt startar opp, og vi gjev difor ikkje tilskot til istandsetting av lœ på bruk 1 på Nedbergo i Aurland.

Tilskot til eldhuset på Bakka må sjåast i samanheng med tilskot frå post 73.

Det er søkt om delfinansiering av stillinga parkforvaltar kulturminne og formidling, som i fleire år har vore delfinansiert gjennom midlar frå post 79. Det er og søkt om delfinansiering av ny stilling som kulturminneforvaltar. I år har Møre og Romsdal fylkeskommune og søkt om delfinansiering av ei liknande stilling som kulturvernforvaltar for nordområdet (Geirangerfjordområdet).

Generelt ønskjer ikkje Riksantikvaren å binda for store midlar over post 79 til stillingar. Det er likevel nyttig med kompetanse som bidrar til å ivareta dei viktige kulturverdiane i Vestnorsk fjordlandskap. Riksantikvaren finn difor at vi over post 79 kan støtte tilsvarende ei halv stilling for Nærøyfjordområdet og ei halv stilling for Geirangerfjordområdet. Dette vil vere ei ny ordning, som framleis vil vera førebels. Vi legg til grunn at fylkeskommunen vurderer røynslene med ordninga også ved neste års søknad. Vi ber og om at ein rapport for arbeidet sendes inn saman med søknaden om nye midlar.

Tilskotet er berekna på bakgrunn av søknaden med budsjett. Dersom det oppstår vesentleg avvik frå oppsette planar, ber Riksantikvaren om å bli varsle så snart som mogleg. Omfordeling av middel skal avklarast med Riksantikvaren.

Vedtak om tilsegnfullmakt for 2022 er knytt til behovet for å kunna planlegga for å halda i gang tiltak utover inneverande budsjettår.

Retningslinjer og vilkår for tilskot

Fylkeskommunen si handtering av tilskotsmidla skal følge «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkår nærmare beskrive i vedlegget i dette brevet «Retningslinjer og vilkår for tilskudd fra statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79». Tildelingskriteria for post 79 kjem fram av Rundskriv T-1/20, Tilskotsordningar for 2021

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/tiskotsordningar-for-2021/id2783245/>

Mottakar skal setje seg godt inn i retningslinjene og vilkåra for tilskot. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget blir akseptert og etterlevd.

Vi tilrår at fylkeskommunen nyttar tidlegare tilsendt skjema «Aksept av vilkår for tilskudd» overfor eigalar ved tildeling av tilskot. Saman med skjemaet skal eigar også få kopi av vedlegg «Retningslinjer og vilkår for tilskudd fra statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79».

Vi gjer særskilt oppmerksam på at Riksantikvaren med verknad frå og med 2019 aksepterer at tilskot kan overførast til dei to følgjande budsjettåra, jf. Bevilgningsreglementet § 5.

Val av utførande handverkarar

Arbeidet skal utførast i samsvar med objektets/anleggets historie. Det skal stillast krav til utførande handverkar eller verksemnd sin antikvariske kompetanse og tekniske og faglege kvalitet. Generelt bør det stillast krav til at handverkarane har deltatt i minst tre prosjekt tidlegare med tilsvarende arbeidsoppgåver. Fylkeskommunen kan tillempa krava for dei enkelte tiltaka i lys av den faktiske situasjonen og karakteren av tiltaket. Lærlingar eller andre under kompetanseoppbygging skal følgjast opp kontinuerleg under arbeidet. Sentrale fagpersonar og byggeplassleiar i utførande firma må meistra norsk for å kunna diskutera kvaliteten ved utføringa.

Riksantikvaren er opptatt av at det blir nytta og blir bygt opp lokal og regional kompetanse. Tiltak med lokale eller regionale handverkarar og gode lærlingordninga bør identifiserast i søknaden og prioriterast.

Utbetalung av tilsegn og tilskot for 2021

Saman med dette brevet betalar vi ut tilskotet for 2021 på kr 3 000 000, samt tilsegn for 2021 på kr 500 000, i alt kr 3 500 000.

Vi ber om å få oversyn for kva planar og prioriteringar tilskotsmottakar har for bruken innan 15. april 2021.

Søknad for 2022

Søknad om tildeling frå post 79 sendast skriftleg innan 15.01.2022. Det er eigne krav for post 79 når det gjeld kva mål som skal oppnåast, kva det skal givast tilskot til og kva prioriteringar Riksantikvaren og regionalforvaltninga skal vektlegga (jf.

<https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-79-verdensarv/> og Rundskriv nr. T-1/20).

Riksantikvaren skal på sjølvstendig grunnlag kunna vurdera tiltaka det blir søkt tilskot til og sjå desse opp mot måla og krava for tilskotsposten, og dessutan vurdera moglege tilskot frå post 79 opp mot Riksantikvarens andre tilskotspostar.

Søknaden må omfatta følgjande hovudpunkt:

- Økonomi
- Kritiske faktorar
- Organisering av forvaltningsarbeidet
- Måloppnåing

Som hovudregel skal tilskotet ikkje overstiga 50-70 % av budsjettet. Andre unntak må vurderast i lys av formålet med tiltaket, verdien av kulturminnet, nytten til eigar og om det finst urimeleg stort vedlikehaldsansvar. Dette må vurderast og dokumenterast i den enkelte saka.

Rapportering for 2021

Rapport for 2021 sendast skriftleg innan 15.01.2022. Med bakgrunn i merknader frå Riksrevisjonen på andre tilskotspostar og dessutan erfaring frå tilsyn i fleire fylkeskommunar, legg Riksantikvaren stor vekt på rapporteringa frå tilskotsmottakarar på post 79. Rapporten skal klart beskriva gjennomføringa av tiltaket og knytast opp mot måla for tilskotsposten, forvaltningsplan med tiltaksdel og dessutan prioriteringar i verdsarvrådet.

Vi vil derfor be om følgjande rapportering for 2021:

- Økonomirapportering, oppsett i samsvar med budsjett i søknaden
- Rapport på anna finansiering utover middel frå post 79, spesifisert på:
 - Eigenandel/eigeninnsats
 - Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget (kap. 1429 postane 60, 70, 71, 72, 73, 74, 75 og 79)
 - Andre departement eller direktorat

- Tilskot frå kommunen, eller tilskot frå fylkeskommunen som ikkje er statsmiddel
 - Anna finansiering (spesifisert)
- Middel, inkl. renter, som står på øyremerkt konto pr. **31.12.2021**
- Talet på bygningar og anlegg med høvesvis påbyrja og ferdigstilla tiltak
- Mengde påbyrja og ferdigstilla tiltak i kulturlandskap og kulturmiljø erekna løypande skjøtsel- og vedlikehaldstiltak
- Foto tatt før, under og etter dei utførte tiltaka
- Arbeidet til kulturminneforvaltar-/parkforvaltarstillingane (aktivitetar og resultat).

For å få eit samla bilde av arbeidet med verdsarven, ønskjer vi og å få rapport om:

- Verksemda i 2021 med status for planarbeid (forvaltningsplanar o.a.).
- Utstillingar og annan formidling.
- Andre relevante aktivitetar og resultat.

Manglande eller mangelfull rapportering for 2021 vil bli sterkare veklagt enn tidlegare ved Riksantikvarens fordeling av tilskotsmiddel til verdsarvstadene i 2022. Riksantikvaren kan uavhengig av beløpsgrenser krevja at det blir sendt inn kopiar av rekneskapsvedlegg.

Under tilvising til Bevilgningsreglementets § 10 gjer vi oppmerksam på at Riksantikvaren/fylkeskommunen har tilgang til å føra kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadene. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrolltilgang heimla i lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Aksept av tildelinga

Riksantikvaren synar til forvaltningslovas § 28 kor det gjeng fram at vedtaket er automatisk akseptert dersom ikkje mottakar klagar på det innan tre veker.

Informasjon om hove til å klage

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre – 3 - veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing

Jostein Løvdal (e.f.)
Fungerande seksjonssjef

Atle Omland

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: «Retningslinjer og vilkår for tilskudd fra statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79»

Kopi til: Erling Oppheim, Nærøyfjorden verdsarvpark, Fjordsenteret, 5745 AURLAND/Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM/Katrin Blomvik, Norsk Fjordsenter - Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, -, 6216 GEIRANGER

Kontering - (til internt bruk for Riksantikvaren)

Tilskot og utbetaling for 2021

Konto: 8719	Koststed: 36	Innsatsnummer:	Tilskuddsnummer: 210446...
Beløp: 3 000 000		VP (res mål):	Merknad: Utbetalast til Vestland fylkeskommune. Kontonr. 8109.10.74397.

Utbetaling av tilsegnstilskott for 2021 vedtatt i 2020

Konto: 8719	Koststed: 36	Innsatsnummer:	Tilskuddsnummer: 210446016
Beløp: 500 000		VP (res mål):	Merknad: Utbetalast til Vestland fylkeskommune. Kontonr. 8109.10.74397.

Tilsegnstilskott for 2022

Konto: 8719	Koststed: 36	Innsatsnummer:	Tilskuddsnummer: 220446...
Beløp: 500 000		VP (res mål):	Merknad: